



Thore Langeland
St Olavs Gate 7
4005 STAVANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3958 - 17/17939

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
19.06.2017

Ferdigattest for bruksendring og etablering av sanitæranlegg - gbnr 123/28 Risa

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Thore Langeland
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.01.2017 og 12.01.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.06.2017.

Skildring

Adresse:	Risøyvegen 9
Bygningstiltak:	Bruksendring frå garasje til fritidsbustad og etablering av sanitæranlegg
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	44 kvm
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg, slamavskiljer
Vatn:	Offentleg vassverk

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest på gbnr
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3958

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5953

FONNES

Mottakarar:

Thore Langeland

St Olavs Gate 7

4005

STAVANGER